



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE



Rapport frå  
arbeidsgruppa-  
Organisering av  
Vestland  
tannhelseteneste,  
fase 1.

Leveringsdato: 11.april 2019

Leiar: Clara Øberg

## Innhald

Rapport frå arbeidsgruppa .....	1
Samandrag.....	3
1. Innleiing.....	3
1.1 Medlem i arbeidsgruppa .....	3
1.2 Framdriftsplan .....	4
1.3 Møteplan arbeidsgruppa .....	4
2. Grunnlag for arbeidet.....	4
2.1 Mandatet.....	4
2.2 Kartlegging.....	5
2.3 Sogn og Fjordane .....	7
2.3.1 Organisering og resultat 2018 .....	7
2.3.2 Personalsamansetting i 2019.....	8
2.3.3 Økonomi .....	9
2.4 Hordaland .....	10
2.4.1 Organisering og resultat 2018 .....	10
2.4.2 Personalsamansetting 2019 .....	11
2.4.3 Narkosebehandling.....	13
2.4.4 Tannlegevakten i Bergen .....	13
2.4.5 IKT.....	13
2.4.6 Økonomi .....	14
2.4.7 TkVest/Hordaland.....	15
3.0 Forslag til framtidig organisering av Vestland tannhelseteneste .....	16
3.1 Organisasjonskart for Vestland tannhelseteneste .....	16
3.2 Organisering .....	16
3.3 Tannhelseområde inndeling .....	17
3.4 Klinikkområde.....	19
3.4.1 Tannhelseområde og klinikkområde .....	19
3.5 Stillingar og ansvarsområde .....	21
4.0 Økonomi .....	23
4.1 Sikring av økonomisk styring .....	23
4.2 Fordeling av budsjettressursar .....	24
5.0 Fase 2.....	24
6.0 Konklusjon .....	25

## Samandrag

### Oppsummering av gruppa sine tilrådingar:

- Vestland tannhelseteneste vert organisert etter 3-nivåmodell. Det vert delt opp i 5 tannhelseområder inkludert TkVestland, med ein områdeleiar per område.
- Vi vil få større klinikkområder. Mindre klinikkar vil bli leia frå større klinikkar, og det vert nye klinikkområder. Det vil føre til ein reduksjon i tal klinikkområde og klinikkleiarar, men tal klinikkar vil bestå. Dette vil kunne gi ei effektivisering i forhold til produksjon av pasienttenester.
- Assisterande direktør vert leiar for staben i tannhelsetenesta.
- Leiarrola skal styrkast på alle nivå.
- Modellen sikrar rapporteringar som gjer tenesta rusta til sjølv å identifisere eventuelle avvik på eit tidleg tidspunkt og sette inn tiltak, både på samfunnsoppdraget og økonomi.

Gruppa har lagt til grunn delprosjekt 4.1 og 4.4 i tannhelsetenesta, og mykje av fagleg argumentasjon og organisatoriske tilrådingar er bygd på desse rapportane. Ein har også sett på forslag til organisering i dei andre fylkeskommunale einingane, slik som for eksempel opplæring. Vi har prøvd å halde oss til dei same nemningane i stillingar og område.

Arbeidsgruppa ser det som nødvendig med fase 2 av prosjektet. Der vil vi sjå nærmare på innpassering av tilsette og arbeidsoppgåver, stillingsinstruksar, førebu klinikksstrukturplan, sjå på forholdstalet mellom tannpleiar og tannlege, utarbeide modell for eventuell resultatorientert avlønning, budsjettfordeling mellom tannhelseområda og klinikkan, og organisering og drift av TkVestland.

## 1. Innleiing

Den overordna målsettinga for denne delen av samanslåingsarbeidet er å utvikle ein moderne og framtidsretta organisasjon for Vestland tannhelseteneste med høgt fagleg fokus. Det samla budsjettet for Vestland tannhelseteneste vil sannsynlegvis ligge innanfor ei samla økonomisk ramme tilsvarande dei rammene dei to fylka har i dag.

Vi skal organisere ei tannhelseteneste som kan tilby innbyggjarane i Vestland stabile tenester av høg fagleg kvalitet. Innbyggjarane skal ha mest mogeleg likeverdige tenester med tanke på tilgjenge og kvalitet. Dette må sikrast ved å organisere tenesta og tannhelseadministrasjonen på ein best mogeleg og ressurseffektiv måte.

Vi ønskjer å vere best på alle område innanfor vårt fagfelt. Som leverandør av ei offentleg teneste må vi nytte ressursane på ein god og effektiv måte og vere vaken for endringar og utviklingstrekk som gir nye premissar for den beste organiseringa av tenesta.

### 1.1 Medlem i arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa er satt saman av tre tilsette frå Hordaland og to frå Sogn og Fjordane og tre tillitsvalde. I tillegg har vi innhenta opplysningar ved behov hjå tilsette i begge fylka.

- Leiar: Clara Øberg – direktør tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane
- Elisabet Skrede – fylkestannlege Sogn og Fjordane
- Arne Åsan – fylkestannlege Hordaland

- Mette Skønberg Vallentinsen – overtannlege Hordaland
- Agnetha Norheim Kaldestad – overtannlege Hordaland
- Ann-Elin Instebø – tannpleiar tillitsvald Delta
- Margunn Sande – tannhelsesekretær tillitsvald Fagforbundet
- Stefan Lindner – tannlege tillitsvald Den Norske Tannlegeforening

## 1.2 Framdriftsplan

Dato	Milepæl
29. januar	Clara utnemnd som prosjektleiar
7. februar	Møte med tannhelseadministrasjonen i Sogn og Fjordane
12. februar	Dialogmøte tillitsvalde Sogn og Fjordane
13.-14. februar	Møte med leiargruppa i Hordaland
20. februar	Dialogmøte tillitsvalde Hordaland
27. februar	Tillitsvalde med i arbeidsgruppa
11. april	Levering av ferdig prosjekt
25. april	Informasjons- og drøftingsmøte VLFK

## 1.3 Møteplan arbeidsgruppa

Dato	Møte	Stad
20. februar	Første arbeidsmøte	Bergen
27. februar	Arbeidsmøte	Bergen/video
6. mars	Arbeidsmøte	Bergen
13. mars	Arbeidsmøte	Bergen
27. mars	Arbeidsmøte	Bergen
3. april	Arbeidsmøte	Bergen
10. april	Siste arbeidsmøte	Bergen

## 2. Grunnlag for arbeidet

### 2.1 Mandatet

Det vert det sett ned ei arbeidsgruppe som skal koma med eit endeleg forslag for organisering.

Arbeidsgruppa har følgjande mandat frå Fylkesrådmannen:

1. Gruppa skal produsere ei gjennomarbeidd og konsekvensbevisst utgjeiing som grunnlag for ei ny organisering av Vestland tannhelseteneste, gjeldande frå 01. januar 2020.
2. Arbeidsgruppa skal vere samansett av 5 fagpersonar, der 3 er frå Hordaland og 2 frå Sogn og Fjordane. Gruppa skal leiast av Clara Øberg.
3. To av delprosjekta i tannhelsetenesta, delprosjekt 4.1 og delprosjekt 4.4, omtalar framtidig organisering for tannhelsetenesta. Desse vert difor lagt til grunn for arbeidet. Leiari gjer seg kjent med prosjekt i andre einingar som omhandlar organisering.
4. Arbeidsgruppa skal legge til grunn at ein forheld seg til dei økonomiske rammene ein har per i dag. Det må likevel vurderast om det trengs noko meir administrative ressursar på økonomisk styring/ oppfølging.

Arbeidsgruppa si utgjeiing skal leverast 11. april 2019.

Arbeidsgruppa skal særleg vurdere framtidig organisering ut frå:

### **Økonomi**

- Vi skal lage ein modell som sikrar god økonomisk styring.
- Modellen skal ha i seg rapporteringar som er slik at ein på tidleg tidspunkt identifiserer evt. avvik eller fare for avvik.
- Vi skal utarbeide system for mogleg resultatorientert avlønning. Systemet skal ta omsyn til alle grupper i behandlingsteama.

### **Fag**

- Vi skal organisere tenesta på ein måte som ivaretak den faglege kvaliteten.
- Vi skal utarbeide eit system som gjer at vi har kontroll på dei prioriterte gruppene. Tenesta skal også ha eit tilbod til betalande pasientar.
- Systemet må sikre likeverdige tilbod frå tenesta til innbyggjarane i Vestland.

### **Vedtak i fellesnemnda 08.03.2018– Sak 6/18 Tannhelsetenesta- administrativ organisering og leiing**

1. Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune blir leia frå Bergen.
2. På same måte som innanfor andre fylkeskommunale sektorar og tenesteområde, skal ein innanfor tannhelsetenesta legge opp til ei desentralisert arbeidsdeling innan tannhelseadministrasjonen.
3. Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune skal vere eit framtidsretta tenesteområde av best mogleg fagleg kvalitet til beste for pasientane. Nærleiken til klinikkleiarane og den desentraliserte klinikksstrukturen tilseier at det må vere kompetansearbeidsplassar både i Hordaland og Sogn og Fjordane knytt til leiing og administrasjon også etter 01.01.2020 for å ivareta eit best mogleg tenestetilbod.
4. Tannhelsetenesta sitt kompetansesenter Vest (TKV) vert naturleg lagt til Bergen i tilknyting til fagmiljøet på odontologen. Dette senteret skal vere base for spesialisttannhelsetenesta. Ein bygger samstundes opp ein desentralisert modell der spesialistar frå TKV utfører tenester i Sogn og Fjordane.

### **2.2 Kartlegging**

#### **Fakta om fylka 2018:**

	Hordaland	Sogn og Fjordane
<b>Folketal</b>	532 539	110 320
<b>Areal</b>	15 437 km <sup>2</sup>	18 619 km <sup>2</sup>
<b>Byar</b>	Bergen, Odda, Stord	Florø, Førde, Måløy
<b>Adm.senter</b>	Bergen	Leikanger
<b>Tannklinikkar</b>	45	17 + 3 ambuleringsklinikkar
<b>Klinikkleiarar</b>	21	15
<b>Tilsette</b>	400	130
<b>Prioritert klientell</b>	139 653	32 134
<b>Distrikt</b>	6	0
<b>Overtannlegar</b>	6	0




## Vestland fylkeskommune



## 2.3 Sogn og Fjordane

### Organisasjonskart tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane:



#### 2.3.1 Organisering og resultat 2018

Den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane er organisert som ein institusjon direkte underlagt fylkesrådmannen. Direktør for tannhelsetenesta er fagleg og administrativ leiar.

Sentralleiinga for den offentlege tannhelsetenesta – leiing og administrasjon – er lokalisert på fylkeshuset i Leikanger. Det er i dag 2 merkantile stillinger som er desentraliserte som følgje av omorganiseringa i 2013 som ein har vald å ikkje flytte (Høyanger, Måløy).

Det er i dag 17 offentlege tannklinikkar i Sogn og Fjordane og 3 ambuleringsklinikkar, der to av desse vil bli nedlagt i løpet av 2019. Det er 15 klinikkleiarar per i dag.

Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane har per i dag om lag 110 tilsette. I 2018 vart det utført totalt om lag 92 årsverk. Av desse var 30,80 tannlegeårsverk (7,80 vakansar), 15,90 tannpleiarårsverk (ingen vakansar) og 38,05 tannhelsesekretær/tannhelseassistent årsverk (3,80 vakansar). I administrasjonen vart det utført 5,80 årsverk og reinhald om lag 1,50 årsverk.

Kvart år vert om lag 35 000 pasientar undersøkte og behandla, fordelt på om lag 28 000 pasientar i prioriterte grupper og 7000 betalande pasientar. 89% av alle pasientane i dei prioriterte gruppene var under tilsyn i 2018. 85% av 5-åringane hadde ingen karieserfaring i 2018, og 10% av 18-åringane hadde DMFT>9.

### 2.3.2 Personalsamansetting i 2019

Tabellen syner klinikksvis personalsamansetting i forhold til stillingsbudsjettet 2019 i tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane, inkludert vakante stillingar:

	Tannklinikk	Tannlege	Tannpleiar	Tannhelsesekretær	Reinhaldar	Total
1	Førde	6,00	2,00	6,70		14,7
2	Florø	4,00	1,50	4,30		9,8
3	Bremanger		1,00	0,80	0,20	2
4	Sogndal	4,10	1,50	4,50		10,1
5	Vik	0,80	0,20	0,80		1,8
6	Askvoll	3,00	1,10	3,50	0,33	7,93
7	Hyllestad	1,00	0,40	1,00		2,4
8	Måløy	3,00	1,00	3,00		7
9	Eivindvik, Hardbakke ambl.	1,00		1,00		2
10	Høyanger	3,00	0,80	3,00		6,8
11	Stryn	3,00	2,00	3,40		8,4
12	Eid	2,00	1,00	2,00		5
13	Sandane	2,00	1,00	2,00		5
14	Gaupne	1,50	1,00	1,50		4
15	Lærdal	1,00		1,00		2
16	Aurland	1,00		1,00		2
17	Årdal	2,00	0,80	2,00	0,33	5,13
	Kjevekir.poliklinikk adm. Førde tkl.	0,40		0,50		0,9
	<b>Totalt</b>	<b>38,8</b>	<b>15,3</b>	<b>42,0</b>	<b>0,86</b>	<b>96,96</b>

Stillingane i tabellen blir finansiert av fylkeskommunen. I tillegg har vi TOO-team (tilrettelagd tilbod for personar utsett for tortur, overgrep eller som har odontofobi) som blir dekka av statlege midlar etter søknad om tilskot.

### Narkosebehandling

Tilbodet om tannbehandling i narkose er lokalisert på Førde sentralsjukehus, kjevekir. poliklinikk. Det er tannlegar og tannhelsesekretær tilsett i tannhelsetenesta som utfører tannbehandlinga, medan tilsette i Helse Førde utfører anestesitenester. Tilbodet blir administrert av klinikkleiar ved Førde tannklinikk.

Tannhelseadministrasjonen 2019			
Rolle	Stilling i administrasjonen	Namn	Kompetanse
Direktør for tannhelsetenesta	1,00	Clara Øberg	Leiarutdanning, personal og økonomi

Fylkestannlege	0,80	Elisabet Skrede	Tannlege, leiarutdanning, ikt-kompetanse på fagsystem
Rådgjevar	0,75	Siri Vold	Tannlege, erfaring frå Helsedirektoratet, TOO-erfaring på overordna plan og direktoratet
Konsulent	1,00	Tove Måren	Økonomi, budsjett, rekneskap
Konsulent	1,00	Kristin Færstrand	Personaloppfølging, økonomi og rekneskap
Konsulent	0,80	Kjersti Trude Høyheim/ Senea Sabanovic	Variabel løn, økonomi, rekneskap
	5,35		

- Tannhelsetenesta har fire leiande tannpleiarar med opp til 20% stilling kvar som har ansvar for folkehelsearbeid.
- Det er ein lærling i 100 % stilling i administrasjonen.
- Tannhelsetenesta har intern overføring for følgande stillinger:
  - IKT-avdelinga : 100 % stilling: Ole Johnny Yttri, IKT-utdanna.
  - Bygg- og egedomsavdelinga: 60% stilling: Nils Flugeim, driftsteknikar.

### 2.3.3 Økonomi

Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane fekk i 2015 eit nedtrekk på budsjettet på vel 11 millionar kroner. Nedtrekket skuldast reduserte statlege overføringer til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dette skulle realiserast innan 2018. I samband med dette fremma tenesta sak om ny klinikksstruktur som vart vedteke i fylkestinget desember 2016.

Tannhelsetenesta har trass dette styrt til eit overskot for åra 2016-18. Overskotet skuldast i hovudsak vakansar. Dette vert sett på disposisjonsfond og er tenkt brukt til oppgradering av klinikkar og dentalteknisk utstyr.


Tannhelsetenesta	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018
Fellesfunksjonar	19,2	19,5	19,4
Pasientbehandling	64	63,7	64
Sum	83,2	83,2	83,4

Tabell: Tannhelsetenesta sine netto driftsutgifter 2016-2018, i mill.kr. Tala for fellesfunksjonar i tannhelsetenesta inneheld resultatoverføring (disposisjonsfondet), eit overskot i 2016 på 2,6 mill.kr, eit overskot på 1,9 mill.kr i 2017, og eit overskot på 3,1 mill.kr i 2018.

Dei fleste tannlegar i Sogn og Fjordane tilsett før 01.01.2018 har provisjonsavtale. Denne er sagt opp med verknad frå 01.01.2020. Ingen tannlegar tilsett etter 01.01.2018 har fått provisjonsavtale. For åra 2016, -17 og -18 vart det utbetalt frå 2,1-2,3 mill. kr. kvart år i provisjon.


## 2.4 Hordaland

### Organisasjonskart tannhelsetenesta i Hordaland:



#### 2.4.1 Organisering og resultat 2018

Tannhelsetenesta i Hordaland har sidan 1984 vore organisert i tannhelsedistrikt med ein overtannlege i kvart distrikt. Tal distrikt og klinikkar har blitt reduserte opp gjennom åra. Siste omorganiseringa var i 2004 då tal distrikt blei reduserte frå 9 til 5: Aust, Sør, Vest, Nord og Sentrum tannhelsedistrikt. Etter at Tannhelsetenesta kompetansesenter Vest/Hordaland (TkVest) blei etablert, er dette blitt eit eige distrikt med den 6. overtannleggen.



Tannhelsetenesta i Hordaland har om lag 400 tilsette. Fylkestannlegen er øvste leiari og sit i leiargruppa til fylkesrådmannen. Fylkestannlegen og dei 6 overtannlegane utgjer leiargruppa i Tannhelsenesta i Hordaland. TkVest har ein leiari, ein forskingsleiari og ein leiari for spesialistklinikken. Dei 5 andre distrikta er inndelte i klinikkområde leia av ein klinikkleiar. Eit klinikkområde kan ha ein eller fleire klinikkar. Det er 40 tannklinikkar per i dag, og 19 klinikkleiarar. Arbeidet med å nå måla i klinikkstrukturplan 2015 –2030 pågår.

## 2.4.2 Personalsamansetting 2019

Tabellen syner klinikksvis personalsamansetting i forhold til stillingsbudsjettet 2019 i tannhelsetenesta i Hordaland, inkludert vakante stillinger:

	Tannklinik	Tannlege	Tannpleiar	Tannhelsesekretær
<b>Aust tannhelsedistrikt</b>				
1.	Dalekvam	0,6	0,2	0,6
2.	Lofthus	0,4	0,2	0,4
3.	Norheimsund*	2,6	1,0	2,6
4.	Odda	3,6	1,3	3,6
5.	Ulvik	0,1	0,1	0,1
6.	Voss**	3,7	1,7	3,7
<b>Sør tannhelsedistrikt</b>				
7.	Bremnes	2,4	1,0	2,4
8.	Etne	0,8	0,8	1,0
9.	Husnes	3,0	1,0	3,0
10.	Langevåg			
11.	Rosendal			
12.	Stord*/**	5,8	1,8	6,4
13.	Sveio	1,8	1,0	1,8
<b>Vest tannhelsedistrikt</b>				
14.	Øygarden**	8,4	3,0	8,4
15.	Askøy**	6,0	2,6	6,0
16.	Laksevåg	2,6	1,0	2,6
17.	Loddefjord*	4,6	1,7	5,145
18.	Fyllingsdal	2,8	0,7	2,834
19.	Sælen	4,0	1,6	3,93
<b>Nord tannhelsedistrikt</b>				
20.	Frekhaug**	2,0	1,0	2,0
21.	Hesthaugen	5,2	2,0	5,1
22.	Indre Arna	3,0	1,0	2,8
23.	Knarvik	3,0	1,0	2,8
24.	Lindås	2,6	0,6	2,6
25.	Manger	1,4	0,5	1,4
26.	Osterøy	2,0	1,0	2,0
27.	Rolland*	4,8	1,7	4,6
28.	Tysse	0,8	0,2	1,0
<b>Sentrums tannhelsedistrikt</b>				
29.	Austevoll	1,2	0,5	1,4
30.	Eikelandssosen	2,0	0,6	2,5
31.	Fana	1,7	0,6	1,6
32.	Nesttun	5,2	1,8	6,0
33.	Os*	4,0	1,9	4,6
34.	Solheimsviken	3,9	1,0	4,8
35.	Sørås	6,5	2,8	6,92
36.	Tannlegevakten***			
37.	Tysnes	0,5	0,3	0,6
38.	Årstad**	8,2	2,0	9,4
<b>TkVest</b>				
39.	Spesialistklinikken	12,6	4,0	16,1
	<b>Totalt</b>	<b>123,6</b>	<b>45,2</b>	<b>132,729</b>

\* Klinikk der overtannlege/leiande sekretær for distriktet har sitt kontor, og eventuell klinisk verksemrd. I tabellen er det trekt ut del av stillinga som overtannlege og leiande tannhelsesekretær i dei 5 allmenne distrikta nyttar til leiing/administrasjon. Det utgjer til saman 3,8 årsverk for kvar yrkesgruppe. Det er ikkje gjort det same for klinikkleiarar.

\*\* Klinikk med tverrfaglege behandlarteam (TOO). Ein reknar 0,2 årsverk per yrkesgruppe. Desse stillingane er rekna med i oversikten, men blir finansiert gjennom statlege midlar

\*\*\* Viser til eige kapittel der ein Tannlegevakten i Hordaland er omtala.

Tannklinikane Stord, Laksevåg, Øygarden, Hesthaugen og Norheimsund har spesialistar som jobbar deltid på klinikane. 1,9 årsverk til saman. Desse stillingane er rekna med i oversikten, men nokre av desse stillingane blir delvis finansiert gjennom statlege midlar. Tannhelsesekretærar som føl spesialistane må distriktet sjølv koste.

TkVest: I administrasjonen er det til saman 5,0 årsverk inkludert dei 3 leiarane. Senter for odontofobi har 3,0 årsverk psykologar. Forskingsavdelinga har 10,4 årsverk.

#### Fylkestannlegen sin stab – tannhelseavdelinga 2019:

Rolle	Stilling i administrasjonen	Namn	Kompetanse
Fylkestannlege	1,00	Arne Åsan	Tannlege, leiarutdanning
Fag	1,00 1,00 0,40	Linda Bringedal Jens Harald Garden Torhild Rasmussen	Tannlege, div sakshandsaming Folkehelse IKT- Fagsystem
Personal/administrasjon	1,00 1,00 0,60	Eva Kvamme Sylvi Nøst Torunn Lausund	Personaladministrasjon Personaladministrasjon Intra- og internett
Økonomi	1,00 0,60 0,50	Astrid Skipenes Kirsten Kollteit Sissel Valaker Hellstrøm	Økonomi, budsjett, revisjon Faktura Faktura – OPUS/HELFO
Teknisk avdeling	1,00 1,00 1,00	Willy Andre Iversen Ole Andre Furnes Andreas Johnsen Opdahl	Dentalteknikar Dentalteknikar – bygg Lærling – ferdig juni 2019
	11,10 (inkl. lærling)		

Dei seks overtannlegane har kvar sin leiande tannhelsesekretær som er deira administrative ressurs.

Tannhelsedistrikt	Overtannlege og leiande tannhelsesekretær, plassering	Stillingsprosent administrasjon overtannlege	Stillingsprosent administrasjon leiande tannhelsesekretær
Sentrum	Os tannklinik	100%	100%
Vest	Loddefjord tannklinik	100%	100%
Nord	Rolland tannklinik	60%	60%
Sør	Stord tannklinik	60%	60%
Aust	Norheimsund tannklinik	60%	60%
TkVest/Hordaland	TkVest	100%	100%

Tabell: Oversikt over overtannlegar og leiande tannhelsesekretær i Hordaland. I tannhelsedistrikt Nord, Sør og Aust jobbar tannhelsesekretær og overtannlege klinisk i 40% stilling i tillegg til 60% stilling administrasjon.

#### 2.4.3 Narkosebehandling

Tilbodet om tannbehandling i narkose er i Hordaland lokalisert på Haukeland universitetssjukehus (HUS), på Stord sjukehus og eit poliklinisk tilbod på Solheimsviken tannklinik. Tannhelsetenesta i Hordaland behandla 299 personar i narkose i 2018, som er 34 fleire enn i 2017.

Det er tannlegar og tannhelsesekretærar tilsette i tannhelsetenesta som utfører tannbehandlinga, medan det blir kjøpt anestesitenester frå helseforetaka og frå eit privat firma.

Etterspurnad etter tannbehandling i narkose har vore aukande dei siste åra. Pasientane er i tillegg ofte tidkrevjande, har stort behandlingsbehov og må av og til ha fleire seansar med narkose. Ingen vanleg betalande pasientar (gr. F) får av kapasitetsomsyn førebels tilbod om tannbehandling i narkose i Tannhelsetenesta i Hordaland.

#### 2.4.4 Tannlegevakten i Bergen

Tannhelsetenesta i Hordaland driv tannlegevakten i Bergen. Tannlegevakten er lokalisert på Solheimsviken tannklinik i Bergen, i nabobygget til legevakten i Bergen. Tannlegevakten er open kvar dag heile året, og er i hovudsak eit akuttilbod til pasientar i Bergen og kommunane rundt Bergen, men pasientar kan og kome langveis frå. Opningstida er kl. 18.00 – 20.30 på kvardagar, og kl. 15.30 – 20.30 på søn- og helligdagar. Alle som har møtt fram til kl. 2030 får hjelp.

Tal konsultasjonar på Tannlegevakten i 2018 var 3 672 (3 692 i 2017). Av desse var 1 228 prioriterte pasientar og 2 444 betalande (2017:1 215/2 477).

Det er tannlegar og tannhelsesekretærar tilsette i tannhelsetenesta som bemannar tannlegevakten. Fem fast tilsette tannlegar + fire suppleantar har arbeida på tannlegevakten som eit tillegg til si ordinære stilling. Sju fast tilsette tannhelsesekretærar + fire suppleantar har arbeida på tannlegevakten som ein del av si faste stilling.

#### 2.4.5 IKT

Hordaland har i dag ein IKT-rådgjevar i 40% stilling i Fylkestannlegen sin stab. Ein har også 11 IT-kontaktar (superbrukarar) rekrutterte frå forskjellige yrkesgrupper og med spissa oppgåver innan fagsistema. Det er ikkje eiga stillingsressurs knytt til dette arbeidet, men IT-kontaktane får eit funksjonstillegg. IT-avdelinga i fylkeskommunen driftar alle sistema for tannhelseavdelinga.

## 2.4.6 Økonomi

Tannhelsetenesta i Hordaland hadde før rekneskapsåret 2015 alltid positive rekneskapsstal. Frå og med 2015 har det kvart år vore eit meirforbruk – og enkelte år store overskridingar. Rekneskapen for 2018 viser eit meirforbruk på 1,5 mill.

For å få eit budsjett i balanse er det gjort fleire tiltak, til dømes er alle provisjonsavtalar sagt opp, budsjett- og rekneskapsansvar er lagt ut på klinikknivå, og fylkestinget vedtok i mars 2016 ny klinikksstruktur som medfører meir effektiv drift.

Tal pasientar med lovfesta rett til gratis tannhelsetilbod har auka mykje i Hordaland i tidsrommet 2013 – 2018. I dette tidsrommet er det ein auke på nesten 9000 pasientar, dvs. 6,8%. Auken skuldast i hovudsak ein generell befolkningsauke i fylket, men også at betra samarbeid med kommunal pleie- og omsorgsteneste gjer at fleire blir klar over rettane sine og ønskjer å bruka det fylkeskommunale tannhelsetilboden. Dei eldre og sjuke har i tillegg fleire eigne tenner og større behandlingsbehov – ofte svært kostnadskrevande behandlingsbehov.

<b>Tannhelse-distrikt</b>	<b>Totalt tal prioriterte pasientar</b>					
	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>
Vest	34 283	35 169	35 003	34 404	34 866	35 202
Nord	25 325	26 653	27 021	26 620	26 995	26 453
Sør	15 736	15 764	15 945	15 668	17 314	15 972
Aust	10 507	10 266	10 839	10 503	10 635	10 488
Sentrums	43 662	44 644	43 653	46 752	49 843	50 265
<b>Totalt</b>	<b>129 513</b>	<b>132 496</b>	<b>132 461</b>	<b>133 947</b>	<b>139 653</b>	<b>138 380</b>

Tabell: Tal prioriterte pasientar, 2013 – 2018, viser ein auke på 6,8%, Hordaland (OPUS)

I det same tidsrommet har tannhelsetenesta i Hordaland hatt budsjettredusjon, og såleis ikkje fått kompensert for auka tal pasientar, og auka behandlingskostnader i gruppa eldre, sjuke og ruspasientar. Grunna auka tal prioriterte pasientar har heller ikkje tannhelsetenesta hatt kapasitet til å gi tilbod til like mange betalande pasientar som før, som igjen har medvirkta til reduksjon i inntektene.

Tannhelsetenesta i Hordaland har tilnærma ingen vakansar. I det same tidsrommet 2013-18 er det og brukt mykje ressursar på å etablere og bygge opp kompetansesenteret – TkVest/Hordaland.


<b>Tannhelsetenesta</b>	<b>Rekneskap 2016</b>	<b>Rekneskap 2017</b>	<b>Rekneskap 2018</b>
Fellesfunksjonar	48,3	43,9	26,8
Pasientbehandling	174,8	161,8	191,3
Sum	223,1	205,7	218,1

Tabell: Tannhelsetenesta sine netto driftsutgifter 2016-2018, i mill.kr. Tala inneholder eit underskot i 2016 på 12,1 mill.kr, eit underskot på 2,5 mill.kr i 2017, og eit underskot på 1,5 mill.kr i 2018.

Tannhelsetenesta i Hordaland hadde fram til 2017 provisjons- og bonusavtalar med alle tre yrkesgruppene. Målet med avtalane var å lettare rekruttere og stabilisera tannlegar i distrikta i Hordaland. Om lag 1/3 av dei offentlege tannlegane hadde inngått provisjonsavtale. Alle tre avtalar blei oppsagt i 2017, og det er ikkje inngått nye avtalar.

## 2.4.7 TkVest/Hordaland

### Organisasjonskart for TkVest/Hordaland:



TkVest/Hordaland blei oppretta i august 2012, samtidig med opning av det nye odontologibygget på Årstadvollen i Bergen. Ved utgang av 2018 var det 70 tilsette – og 54,5 årsverk knytt til TkVest.

Kompetansesentra si oppgåve er tredelt:

- Spesialistbehandling og rettleiing/rådgjeving til offentleg og privat tannhelseteneste
- Ansvar for klinisk praksisnær forsking
- Delta i spesialistutdanninga

Spesialistbehandling er eit fylkeskommunalt ansvarsområde både økonomisk og administrativt, medan både forsking og spesialistutdanninga blir dekka av statlege midlar. TkVest sender årleg søknad til Helsedirektoratet om driftsmidlar til desse formåla. Dette utgjer over 40 mill.kr i statlege midlar.


I tillegg til spesialistbehandling har TkVest eit landsdekkande ansvar for å gi behandling og oppfølging av born og unge født med leppe-, kjeve-, ganespalte. Senter for odontofobi (SFO) er og ein del av TkVest. SFO har eit fagansvar for TOO-team i Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland, og gir tilbod om behandling til pasientar som har vore utsett for tortur, overgrep eller har sterkt angst for tannbehandling (TOO-tilbodet). Tannklinik ved Haukeland Universitetssykehus har også organisatorisk tilhøyrer TkVest.

Det er ein samarbeidsavtale mellom tannhelsetenestene i Hordaland og Sogn og Fjordane slik at pasientar busett i Sogn og Fjordane kan tilvisast til spesialistbehandling på TkVest. Tannbehandlinga blir dekka av tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane. Tilsette på TkVest skal rettleie og gi faglege råd og kurs til tilsette i tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane.

### 3.0 Forslag til framtidig organisering av Vestland tannhelseteneste

Vestland tannhelseteneste blir ein organisasjon med om lag 530 tilsette. På landsbasis blir Vestland tannhelseteneste den nest største organisasjonen innan dette fagområdet etter tannhelsetenesta i Viken. Tannhelsetenesta er ei kompetansebedrift og det er viktig å ha ei organisering og ein leiarstruktur som understøttar god og effektiv drift samstundes som fag og kompetanseutvikling er i fokus. Målet for ny organisering er å gjere tenesta effektiv innanfor dei faglege og økonomiske rammene som ligg til grunn.

#### 3.1 Organisasjonskart for Vestland tannhelseteneste



#### 3.2 Organisering

Tannhelsetenesta i det nye fylket får namnet Vestland tannhelseteneste. Den vert organisert som ein 3-nivåmodell med fylkestannlege som leiari for tenesta. Vidare blir det ein assistererende direktør som er leiari for stab. Staben består av ein seksjon for økonomi, ein for personal og ein for fag. Desse gruppene skal ha kvar sin seksjonskoordinator. Seksjonskoordinator har ikkje personalansvar, berre koordinerande ansvar for sin seksjon.

Vestland tannhelseteneste vert organisert i fire geografiske områder i tillegg til TkVestland som også vert organisert som eitt område. Tannhelseområda skal leiast av ein tannlege med tittel områdeleiar. Det skal knytast tilsette frå staben med økonomisk kompetanse til kvart område. Økonomiseksjonen og områdeleiar skal halde kontroll med budsjett og rekneskap for kvar månad. Korrigrande tiltak må settast i verk snarast, men seinast før halvårsrapporteringa.

Leiargruppa i tannhelsetenesta vil bestå av assisterande direktør og dei fem områdeleiariene, totalt 7 stk. I saker som angår eit spesielt fagområde vert seksjonskoordinator eller for eksempel forskingsleiar kalla inn.

Det må også knytast tilsette frå staben med økonomisk kompetanse til TkVestland. Desse må ha oversikt og tilsyn over både den statleg finansierte og den fylkeskommunalt finansierte delen, og delta i søkerprosessar på eksterne forskingsmidlar. Den statlege og den fylkeskommunale delen må harmoniserast.

Teknisk avdeling og IKT-ressursar vert lagt under fagseksjonen i staben.

Det vil bli nokre justeringar av klinikkområder. Det er i dag svært varierande kor mange tilsette klinikkleiarar er leiar for. Det vil vere god ressursutnytting å ha færre leiatar og at dei som er leiatar har betre leiarkompetanse. I Vestland tannhelseteneste skal det som hovudregel ikkje vere mindre enn 10 tilsette i eit klinikkområde. Derfor må vi styrke klinikkleiarane i deira rolle.

### 3.3 Tannhelseområde inndeling


Vestland tannhelseteneste vert organisert i fire geografiske område i tillegg til TkVestland som også vert organisert som eitt område. Områda vil vere større enn distrikta i Hordaland i dag. For å vedlikehalde klinisk kompetanse kan ein områdeleiari velje å arbeide klinisk, men området og tal tilsette kan gjere dette vanskeleg. Områdeleiari skal vera tannlege, ha tilsettingsmynde og ha personal, fag og økonomisk ansvar for sin region.

Tannhelseområde i Vestland tannhelseteneste:

- Nord tannhelseområde
- Søraust tannhelseområde
- Vest tannhelseområde
- Sentrum tannhelseområde
- TkVestland

Områda er inndelt etter følgjande kriteria:

- Tal tilsette og tal tannklinikkar. Det er i dag svært varierande kor mange tilsette både overtannlegar og klinikkleiarar er leiar for. Det vil vere god ressursutnytting å ha færre leiatar og at dei som er leiatar har god leiarkompetanse.  
Det er viktig at det skal vere eit visst samsvar mellom tannhelseområda i tal tilsette og tal tannklinikkar som områdeleiaren har ansvar for.
- Tannhelseområda i Bergen må settast saman av aktuelle bydelar med naturleg tilhøyrande nabokommunar.
- Bydelar i Bergen må ikkje delast mellom ulike tannhelseområde. Så framt det er mogeleg bør heller ikkje kommunar delast mellom ulike tannhelseområde.



### 3.4 Klinikkområde

I Vestland tannhelseteneste skal det som hovudregel ikkje vere mindre enn 10 tilsette i eit klinikkområde. Difor må det gjerast nokre justeringar i dagens Sogn og Fjordane. Mindre klinikkar vil bli leia frå større klinikkar, og det vert danna nye klinikkområde. Klinikkleiar er leiar for klinikkanne i klinikkområdet og er dei tilsette sin nærmaste leiar. Den må vere til stades og vere synleg på dei klinikkanne ein er leiar for. Derfor har vi vurdert klinikkområda opp imot geografi, kommunikasjon og tal klinikkar og tilsette.

#### Nye klinikkområde:

- Bremanger blir leia frå Florø tannklinikk
- Gaupne blir leia frå Sogndal tannklinikk. Det blir ein klinikkoordinator på Gaupne tannklinikk.
- Aurland og Lærdal blir leia frå Årdal tannklinikk
- Vik blir leia frå Voss tannklinikk
- Hardbakke blir leia frå Askvoll tannklinikk
- Eivindvik blir leia frå Knarvik

Klinikkleiarane må styrkast i si leiaroppgåve og få god støtte og opplæring/kompetanse på det å vere leiar for å sikra ei så god personaloppfølging som mogleg. Difor må vi styrke klinikkleiarane i deira rolle. Dei må bruke nok tid til leiarrolla og få støtte av områdeleiari og stab på økonomi.

#### Klinikkoordinator :

Klinikkleiar kan ha ein klinikkoordinator på større klinikkar. Klinikkoordinator tek hand om all klinikkadministrasjon på kvar einskild tannklinikk og får ansvar for å følgje opp oppgåver som klinikkrekneskap, innkjøp, arbeidsplan og andre liknande driftsoppgåver.

#### 3.4.1 Tannhelseområde og klinikkområde:

Tannhelse-område	Klinikkområde	Namn tannklinikk	Kommune/bydel	Tal tilsette	Anna
<b>NORD</b>					
	<b>1. Måløy</b>	Måløy tannklinikk	Vågsøy	7	Kinn (01.01.20)
			Selje		Stad (01.01.20)
	<b>2. Eid</b>	Eid tannklinikk	Eid	6	Stad (01.01.20)
	<b>3. Stryn</b>	Stryn tannklinikk	Stryn	10	
	<b>4. Sandane</b>	Sandane tannklinikk	Gloppen	6	
	<b>5. Florø</b>	Florø tannklinikk	Flora	12	Kinn (01.01.20)
		Bremanger tannklinikk	Bremanger	3	
	<b>6. Førde</b>	Førde tannklinikk	Førde	15	Sunnfjord (01.01.20)
			Gaular		Sunnfjord (01.01.20)
			Naustdal		Sunnfjord (01.01.20)
			Jølster		Sunnfjord (01.01.20)
	<b>7. Askvoll</b>	Askvoll tannklinikk	Askvoll	9	
			Fjaler		
		Hyllestad tannklinikk	Hyllestad	2	
		Hardbakke tannklinikk	Solund	Ambulering	
	<b>8. Høyanger</b>	Høyanger tannklinikk	Høyanger	7	

			Balestrand		Sogndal (01.01.20)
<b>9. Sogndal</b>	Sogndal tannklinikk	Sogndal	12	Sogndal (01.01.20)	
		Leikanger		Sogndal (01.01.20)	
	Gaupne tannklinikk	Luster	6		
<b>Samla</b>	<b>9 klinikkleiarar</b>	<b>13 tannklinikkar</b>		<b>95 tilsette</b>	
<b>SØRAUST</b>					
<b>1. Årdal</b>	Årdal tannklinikk	Årdal	6		
	Lærdal tannklinikk	Lærdal	2		
	Aurland tannklinikk	Aurland	2		
<b>2. Voss</b>	Vik tannklinikk	Vik	2		
	Voss tannklinikk	Voss	12	Voss (01.01.20)	
		Granvin		Voss (01.01.20)	
	Ulvik tannklinikk	Ulvik (Nedlagt 2019?)	Ambulering		
		Eidfjord			
<b>3. Norheimsund/Odda</b>	Norheimsund tannklinikk	Kvam	7		
		Jondal		Ullensvang (01.01.20)	
	Odda tannklinikk	Odda	12	Ullensvang (01.01.20)	
	Lofthus tannklinikk	Ullensvang	Ambulering	Ullensvang (01.01.20)	
<b>4. Kvinnherad/Etne</b>	Husnes Tannklinikk	Kvinnherad	7		
	Rosendal Tannklinikk	Kvinnherad (Nedlagt 2019?)	Ambulering		
	Etne tannklinikk	Etne	4		
<b>5. Stord</b>	Stord tannklinikk	Stord	17		
	Tysnes tannklinikk	Tysnes	2		
	Fitjar				
<b>6. Sveio/Bømlo</b>	Bremnes tannklinikk	Bømlo	6		
	Langevåg tannklinikk	Bømlo (Nedlagt 2019?)	Ambulering		
	Sveio tannklinikk	Sveio	5		
<b>Samla</b>	<b>6 klinikkleiarar</b>	<b>17 tannklinikkar</b>		<b>84 tilsette</b>	
<b>SENTRUM</b>					
<b>1. Øygarden</b>	Øygarden tannklinikk	Fjell	21	Øygarden (01.01.20)	
		Øygarden		Øygarden (01.01.20)	
		Sund		Øygarden (01.01.20)	
<b>2. Askøy</b>	Askøy tannklinikk	Askøy	17		
<b>3. Loddefjord</b>	Loddefjord tannklinikk	Bergen/Laksevåg	15		
	Laksevåg tannklinikk	Bergen/Laksevåg	7		
<b>4. Fyllingsdalen</b>	Fyllingsdalen tannklinikk	Bergen/Fyllingsdalen	7		
	Sælen tannklinikk	Bergen/Fyllingsdalen	11		
<b>5. Fana</b>	Nesttun tannklinikk	Bergen/Fana	15		
	Fana tannklinikk	Bergen/Fana	4		
	Austevoll tannklinikk	Austevoll	5		
<b>6. Sørås</b>	Sørås tannklinikk	Bergen/Ytrebygda	21		
<b>7. Bjørnafjorden</b>	Os tannklinikk	Os	14	Bjørnafjorden (01.01.20)	
	Eikelandsosen tannklinikk	Fusa	6	Bjørnafjorden (01.01.20)	

<b>Samla</b>	<b>7 klinikkleiarar</b>	<b>12 tannklinikkar</b>		<b>143 tilsette</b>	
<b>VEST</b>					
	<b>1. Knarvik</b>	Eivindvik tannklinikk	Gulen	2	
			Fedje		
			Austrheim		
			Masfjorden		
			Modal		
		Manger tannklinikk	Radøy	6	
		Lindås tannklinikk	Lindås	6	Alver (01.01.20)
		Knarvik tannklinikk	Lindås	7	Alver (01.01.20)
		Frekhaug tannklinikk	Meland	6	Alver (01.01.20)
	<b>2. Arna</b>	Arna tannklinikk	Bergen/Arna	12	
			Vaksdal		
			Samnanger		
		Osterøy tannklinikk	Osterøy	7	
	<b>3. Hesthaugen</b>	Hesthaugen tannklinikk	Bergen/Åsane	16	
	<b>4. Rolland</b>	Rolland tannklinikk	Bergen/Åsane	14	
		Bergen Fengsel	Bergen/Åsane	2	
	<b>5. Årstad</b>	Årstad tannklinikk	Bergen/Bergenshus	22	
		Røde Kors Sykehjem	Bergen/Bergenshus		
		Ladegården Sykehjem	Bergen/Bergenshus		
	<b>6. Solheimsviken</b>	Solheimsviken tannklinikk	Bergen/Bergenshus Tannlegevakts* Narkose*	11 7 4	Tannlegevakts er eige klinikkområde. Narkosen hører ikke under nokon klinikkområder.
<b>Samla</b>	<b>6 klinikkleiarar</b>	<b>15 tannklinikkar</b>		<b>120</b>	
<b>TkVestland</b>					
	<b>Administrasjon</b>			5	
	<b>Spesialistklinikk</b>	Spesialistklinikk		50	
	<b>Forskinsavdelinga</b>			14	
<b>Samla</b>		<b>1 tannklinikk</b>		<b>69 tilsette</b>	

Tabellen viser tal tilsette i kvart tannhelseområde. Tilsette som arbeider ved fleire klinikkar er talt på klinikken med størst stilling (hovudklinikken). Overtannlegar er ikkje regna inn. Vakante stillinger er rekna inn.

\*Tannlegevakten: Her arbeider totalt 20 tilsette. 7 av desse er talt med, dei øvrige er talt ved andre klinikkar i Vest tannhelseområde.

\*Narkosen: Her arbeider totalt 7 tilsette. 4 av desse er talt med, dei 3 andre er inkludert i klinikkar i Vest tannhelseområde.

### 3.5 Stillingar og ansvarsområde

Målet for ny organisering er å gjere tenesta effektiv innanfor dei faglege og økonomiske rammene som ligg til grunn. Vi skal jobbe for ei betre og tydlegare fordeling av dei administrative oppgåvene, slik at det er eit mindre sprikande felt av oppgåver og ansvar for kvar einskild. Dette kan vere med på å hindre uønskt variasjon og gjere det lettare å vere kalibrerte. Det vil også vere med på å gjere kvar einskild meir spesialisert i sine oppgåver og ansvarsområde, og sikre betre og djupare kompetanse på oppgåvene og ansvarsområda ein har.

Det må utarbeidast nye stillingsinstruksar for alle stillingane. I fase 2 må den enkelte medarbeidaren plasserast i stilling.

### *Fylkestannlege*

Øvste leiar for tenesta. Tilsettingsmynde for områdeleiari og assisterande direktør.

### *Assisterande direktør*

Leiar og tilsettingsmynde for stab. Assisterande direktør/fylkestannlege skal ha økonomisk oppfølging og vere stadfortredar for direktør/fylkestannlegen.

### *Seksjonskoordinator økonomi*

Koordinerande ansvar for økonomiseksjonen.

Økonomiseksjonen skal ha ansvar for budsjettarbeid/rekneskap i områda, utarbeiding av budsjett, rekneskapsrapportering, hjelpe til ved søknad om diverse tilskot frå offentlege midlar/forskingsmidlar med meir.

### *Seksjonskoordinator fag*

Koordinerande ansvar for fagseksjonen. Må vere tannlegeutdanna.

Fagseksjonen skal ha ansvar for informasjon, kommunikasjon, intra- og internetsider, folkehelse, kompetanseutvikling, IKT og vurdering av kostnadsoverslag (UDI/NAV) med meir.

### *Seksjonskoordinator personal*

Koordinerande ansvar for personalseksjonen.

Personalseksjonen skal vere sakshandsamar for områdeleiari og får oppgåver frå desse. Seksjonen har ansvar for spørsmål knytt til HR.

### *Områdeleiari*

Har personalansvar, fagansvar og økonomiansvar for området. Skal vere tannlegeutdanna.

### *Konsulent for områdeleiari*

Det som i dag heiter leiande tannhelsesekretær i Hordaland skal kallast konsulent i Vestland tannhelseteneste. Konsulenten skal vere knytt til områdeleiari og utføre rutinemessige oppgåver knytt til området.

### *Klinikkleiar*

Leiar for klinik eller klinikkområde. Ansvar for dagleg personaloppfølging, økonomiansvar og fagansvar for klinikkområde. Dersom klinikkleiar er leiar for fleire klinikkar eller store klinikkar med mange tilsette, kan ein velje å ha klinikk-koordinator på einskilde tannklinikkar. Klinikkleiar skal ha tannhelsefagleg bakgrunn.

### *Klinikk-koordinator*

Klinikk-koordinator tek hand om klinikkadministrasjon på kvar einskild tannklinik og får ansvar for å følgje opp oppgåver som klinikkrekneskap, innkjøp, arbeidsplan og liknande.

Klinikk-koordinator bør kunne vere tannhelsesekretær, tannpleiar eller tannlege alt etter kva som er mest føremålstøyleg på kvar einskild klinik og kva som er mest tenleg ut i frå ressursbruk. Det er viktig at alle yrkesgrupper får høve til å søke stilling som klinikk-koordinator og dermed har høve til å ha eit breiare spekter av oppgåver/ansvar og moglegheit for å ha større variasjon og utfordringar i sin arbeidskvardag.

#### *Folkehelserådgjevar:*

Har det overordna ansvaret for folkehelsearbeidet i tannhelsetenesta og inngår i fagseksjonen. Er tannhelsetenesta sin representant inn i den overordna folkehelsearbeidet i fylkeskommunen. Har koordinerande ansvar for folkehelsekoordinatorar og delegerer oppgåver til desse.

#### *Folkehelsekoordinator (tidlegare leiande tannpleiarar i SFJ)*

Har ansvar for folkehelsearbeidet ute i tenesta. Folkehelsekoordinatorane i Vestland (9 stk.) vil i det nye fylket få ansvar for kvar sitt geografiske område, og rapporterer til områdeleiari og til folkehelserådgjevar. Bør vere tannpleiarutdanna. Ordninga vert fortløpende evaluert når det gjeld både behov for ressursar og struktur.

#### *Dentalteknisk avdeling*

Har ansvar for drift, service og vedlikehald av det dentaltekniske utstyret samt dental innreiing. Dentalteknisk avdeling skal ha si faglege tilknyting til Bergen, og rapporterer til fagseksjonskoordinator. Ressursane må vere tilpassa slik at dei gir eit likeverdig tilbod til alle klinikkar i Vestland tannhelseteneste.

#### *IKT*

Dagens IKT-ressursar vert lagt under fagseksjonen i staben. Ordninga med IT-kontaktar/superbrukarar vert vidareført og samla i ei gruppe. Det kan vere behov for auke av IKT-ressursar, men dette er avhengig av korleis IKT-tenestene blir organisert i Vestland fylkeskommune. IKT-ressurs i tannhelsetenesta må i hovudsak ha ansvar for fagsystema.

## 4.0 Økonomi

I mandatet står det at:

- Vi skal lage ein modell som sikrar god økonomisk styring.
- Modellen skal ha i seg rapporteringar som er slik at ein på tidlig tidspunkt identifiserer evt. avvik eller fare for avvik.
- Vi skal utarbeide system for mogleg resultatorientert avlønning. Systemet skal ta omsyn til alle grupper i behandlingsteama.

### 4.1 Sikring av økonomisk styring

Økonomisystemet Visma gir mogelegheit til å ha god styring heilt ut i linja. Ein kan ta ut rapportar i Visma både på områdenivå og klinikknivå til ei kvar tid. Slik kan ein halde kontroll på økonomien. Det meste av arbeidet med oppfølging av budsjett og rapportering skal gjerast ute på klinikkan, men det skal vere sentral kontroll. Det er naudsynt at ein frå hausten 2019 er einige om korleis ein brukar Visma. Alle som skal bruke systemet må på felles opplæring for å sikra at alle forstår det likt.

Rapporteringa skal skje i linja, og det må vere ei linje som gjer at ein sikrar god økonomisk styring til ei kvar tid. Leiari for tenesta (fylkestannlege) har øvste ansvar både for økonomi og fag. Assisterande direktør som leiar staben må ha kontroll på økonomi og personell som sitt felt. Det vil seie at ingen tiltak, som tilsettingar og investeringar, kan gjerast utan at ein har sikra økonomisk inndekning.

Det skal vere klart kven i staben sin økonomiseksjon som skal knytast opp mot det einskilde tannhelseområdet. Områdeleiari er ansvarleg for sitt område og må gjere justeringar i budsjett.

Kontrollpunkt for områdeleiар og klinikkleiar:

- Kva er resultatet mitt?
- Greier eg inntektskravet?
- Få hjelp til å sjå kva som er årsaka til resultatet
- Analyse og peike på ting.

Assisterande direktør har ansvar for at rapporteringa/ kontroll skjer kvar månad. Dersom avvik må vi jobbe med problema. I første halvår må vi ha klare tiltak og iverksettinga må skje før sommaren.

Rådmannen får rapporteringar i mars, juni og september, med mellomrapportering i august og oktober. Driftsplan, tertialrapport og årsmelding med tannhelsestatistikk sendast til områdeleiар, slik at vi har kontroll på prioriterte pasientar.

#### 4.2 Fordeling av budsjettressursar

Fordeling av budsjettressursar kan løysast på tre forskjellige måtar:

- Normativ, der vi legg til grunn det vi har av fakta og vil ta omsyn til (pasientar, geografi)
- Faktisk, der vi budsjetterer etter rekneskapstala året før. Dei erfaringane vi har gjort oss.
- Fordelingsnøkkel

For 2020 tilrår gruppa å bruke faktisk budsjetting. Dette fordi budsjettarbeidet for 2020 må startast før sommaren 2019. Den økonomiske ramma må leggast til grunn, og ein må ta omsyn til rekneskapet frå 2018. Vi må legge inn korrigeringar og tiltak som må innførast frå hausten 2019.

For framtidige budsjett må vi bli einige om ei budsjettfordeling mellom tannhelseområda og klinikkane. Dette må takast igjen i fase 2.

## 5.0 Fase 2

Arbeidsgruppa ser det som nødvendig med ein fase 2 av prosjektet. Her er ein del arbeidskrevjande moment som må utgreia betre, og dette vil vi starte med i mai-juni 2019 etter godkjent fase 1 (denne prosjektrapporten). Fase 2 vil innehalde:

- Innpllassering av tilsette i stillingar og fordeling av arbeidsoppgåver
- Utarbeide stillingsinstruksar
- Førebu klinikksstrukturplan
- Forholdstalet mellom tannpleiar og tannlege
- Utarbeide modell for eventuell resultatorientert avlønning
- Modell for budsjettfordeling mellom tannhelseområda og klinikkane
- Organisering og drift av TkVestland

Vi skal lage rutinar for å sikre at det blir eit mest mogeleg likeverdig tilbod til innbyggjarane i Vestland fylkeskommune.

Det trengs mest sannsynleg meir administrative ressursar på økonomisk styring og oppfølging. I fase 2, når vi har fordelt oppgåver og innplassert tilsette i staben, vil vi få spesifisert dette.

## 6.0 Konklusjon

Arbeidsgruppa har laga eit forslag til organisering med mål om å gjere tenesta effektiv innanfor dei faglege og økonomiske rammene som ligg til grunn.

- Vestland tannhelseteneste vert organisert etter 3-nivåmodell. Det vert delt opp i 5 tannhelseområde inkludert TkVestland, med ein områdeleiar per område.
- Tannhelsetenesta vil få større klinikkområder. Mindre klinikkar vil bli leia frå større klinikkar, og det vert nye klinikkområder. Det vil føre til ein reduksjon i tal klinikkområde og klinikkleiarar, men tal klinikkar vil bestå. Dette vil kunne gi ei effektivisering i forhold til produksjon av pasienttenester.
- Assisterande direktør vert leiar for staben i tannhelsetenesta.
- Leirolla skal styrkast på alle nivå.
- Modellen sikrar rapporteringar som gjer tenesta rusta til sjølv å identifisere eventuelle avvik på eit tidleg tidspunkt og sette inn tiltak, både på samfunnsoppdraget og -økonomi.
- Gruppa har lagt til grunn delprosjekt 4.1 og 4.4 i tannhelsetenesta, og mykje av fagleg argumentasjon og organisatoriske tilrådingar er bygd på desse rapportane. Ein har også sett på forslag til organisering i dei andre fylkeskommunale einingane, slik som for eksempel opplæring. Vi har prøvd å halde oss til dei same nemningane i stillingar og område.

Arbeidsgruppa ser det som nødvendig med fase 2 av prosjektet. Der vil vi sjå nærmare på innpassering av tilsette og arbeidsoppgåver, stillingsinstruksar, førebu klinikstrukturplan, sjå på forholdstalet mellom tannpleiar og tannlege, utarbeide modell for eventuell resultatorientert avlønning, budsjettfordeling mellom tannhelseområda og klinikkanne, og organisering og drift av TkVestland.